

Retningslinjer for utforming av avkøyrsla frå kommunal veg

Søknad

Fyll ut søknadsskjema og legg ved:


- Situasjonsskart $M = 1:500$, der plassering av avkøyrsla, eventuelle murar, bygg og frisiktkliner er vist
- Lengdeprofil $M = 1: 500/ 1:100$ (lengde /høgde)
- Tverrprofil der det trengst

Krav

Krava finn du i handbok 017, Veg- og gateutforming. [Handbok 017](#)

Frisikt

Det er krav til fri sikt mot kommunal veg. "Frisikta" vert målt ved hjelp ein sikktrikant. Frå eit punkt L 2 (frå køyrebanekant og inn i avkøyrsla) skal det vera fri sikt til køyretøy på eit punkt L 1 på den kommunale vegen.




"Frisikt"-området skal vera fri for sikthindringar høgare enn 0,5 m over nivået til hovudvegen.

Svingradius

Svingradius varierar med bruk og trafikkmengde på avkøyrsla. Sjå internettsidene til Kvinnherad kommune – Trafikk og samferdsle for meir informasjon.


Lengdeprofil

På dei fyrste 2 m frå skulderkant skal avkøyrsla ha eit fall på 1:40 (2,5%). På dei neste 3,5 m skal avkøyrsla ha maksimal stigning/fall på 1:20 (5%)/1:30(3%). Deretter bør vegen ikkje ha større fall/stigning enn 1:8.



Kryssing av fortau

Ved kryssing av fortau må kantstein senkast til 5 cm. Ytre kant av fortau skal ha gjennomgåande høgde. All tilpassing til fortau skal utførast på eigen eigedom.



Tekniske krav

Avkøyrsla skal byggjast slik at overvatn frå avkøyrsla ikkje renn inn på den kommunale vegen. Det må setjast ned nok sandfangkummar ved innkøyrsla. Kummane må tilknyttast nærliggjande drenering.

Vedlikehaldsansvar

Avkøyrsla med tilhøyrande siktområde skal vedlikehaldast av grunneigar eller brukar, utan omsyn til kven som har bygt avkøyrsla.

Mynde

Kvinnherad kommune godkjenner avkøyrsla til kommunal veg med heimel i vegloven.

Generelt

Det kan ofte vera trong for synfaring i samband med bygging av avkøyrslar. Dersom du ønskjer synfaring, eller lurar på andre ting, ta kontakt med:

Øyvind Hardeland Tlf 53 46 19 04 / 90 97 67 31

E-post : oyvind.hardeland@kvinnherad.kommune.no

Kvinnherad kommune, Tekniske tenester

www.kvinnherad.kommune.no